

**Fra:** Liv Lyngstad hjemme [liv.lyngstad@online.no]  
**Sendt:** 21. september 2013 10:42  
**Til:** Fjellanger Jakob  
**Kopi:** Even Øyri; leivsandven@hotmail.com  
**Emne:** Sluttsluttsynfaring for søknadane om overføringa frå Vossadalsvatn til Svartavatn

Hei igjen.

Vi, som grunneigarar, og Øystese jeger og fisk har samsnakkast etter sluttsynfaringa 9. september, og ynskjer å kome med denne tilleggsmerknaden til søknaden. På sluttsynfaringa vart det drøfta vassføring i Vossadalselva, nedstraums Vossadalsvatnet, og korleis situasjonen kjem til å vere i tørre somrar etter ein evt. overføring av vatn frå Vossadalsvatnet til Svartavatnet. Vi hevdar at vassføringa i Vossadalselva i tørre somrar i hovudsak kjem frå snøsmelting i nedbørsfeltet med tilsig til Vossadalsvatnet. Representanten frå BKK peika under sluttsynfaringa på, at det er like høge fjell i nedbørsfeltet med tilsig nedstraums Vossadalsvatnet som i nedbørsfeltet med tilsig til Vossadalsvatnet. Det stemmer at fjella er like høge, men me som kjenner fjellet og går mykje i fjellet om sommaren, veit at på framsida av fjella, i det som er nedbørsfeltet nedstraums Vossadalsvatnet er snøen dei fleste åra tint før 15. juli. Det er "baki fjella" (i nedslagsfeltet til Vossadalsvatnet), at snøen ligg lenge, heile sommaren og også utover hausten til ny snø kjem. Det er også vel kjend for oss som bur i området at snødybden dei aller fleste åra er høgare bak i fjella (i nedslagsområdet til Vossadalsvatnet) enn på framsida av fjella.

Om Vossadalsvatnet vert overført til Svartavatnet fryktar me at det, spesielt i tørre somrar, vert minimal vassføring i heile vassdraget nedstraums Vossadalen. Vi er redd dette vil ha store konsekvensar for vasskvaliteten i Fitjadalsvatnet og i fjorden. Klimaet i heile dalføret vil truleg endrast. Store endringar i vassmengde, vasskvalitet og klima vil føre til store endringar i plante- og dyrelivet. Inngrep i urørt natur som fører til så store konsekvensar er etter vår meining sterkt uynskja.

Mvh helsing

Liv Lyngstad og Even Øyri, Grunneigarar  
Leiv Sandven, Øystese Jeger og Fisk